








## MØTEBOK - PROTOKOLL

|                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                   |  |                         |                         |
|------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------|--|-------------------------|-------------------------|
| <b>Møtestad</b><br>Vågå kommunehus |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Møtedato:</b><br>12. mars 2020 |  | <b>Frå kl.</b><br>08:30 | <b>Til kl.</b><br>10:00 |
| Møteleiar:                         | Svein Holen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                   |  |                         |                         |
| Møteinnkalling:<br>(kunngjering)   | Innkalling av 6. mars 2020.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                   |  |                         |                         |
| Representantar<br>som er borte:    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                   |  |                         |                         |
| Vararepr. som er<br>tilstades:     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                   |  |                         |                         |
| Til stades:                        | I alt:<br>5                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Av desse<br>ordinære medl.: 3     |  |                         |                         |
| Merknad:                           | Ingen merknad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                   |  |                         |                         |
| Andre frammøtte:                   | Sekretær Morten Sørhage førte møteboka                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                   |  |                         |                         |
| Saker som vart<br>drøfta:          | Sak nr. 29/2019 og 07/2020 <i>topen post</i> .                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                   |  |                         |                         |
| Merknader til<br>møteboka:         | Ingen merknad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                   |  |                         |                         |
| Underskrifter:                     | <div><br/>Svein Holen</div> <div><br/>Kjersti Aasvang Dalen</div> <div><br/>Steinar Evensen</div> <div><br/>Ole Damstuen</div> <div><br/>Kirsti Vassdøkken</div> |                                   |  |                         |                         |

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



# VÅGÅ KOMMUNE KONTROLLUTVALET

## MØTEBOK

| ARKIV | SAKSBEHANDLAR  | MØTEDATO                          | ORGAN           | SAK NR. |
|-------|----------------|-----------------------------------|-----------------|---------|
|       | Morten Sørhage | 16. oktober 2019<br>12. mars 2020 | Kontrollutvalet | 29/2019 |

### Vedlegg:

Oversikt utbetalinger støtte kultureller saker

Diverse statuttar utbetaling av arrangementsstøtte og kulturmidlar

### STØTTE ARRANGEMENT

Kontrollutvalet protokollførte i møte 28.9.19 under OPEN POST:

*Ivar Valdvik har fått innspel om arrangementsstøtte i Vågå. Ut frå dette høvet ynskjer kontrollutvalet utskrift for 2018 og 2019 over utbetaling av arrangementsstøtte, samt retningslinjene for støtteordninga.*

Sekretariatet har motteke etterspurt materiell. I oversikta kjem fram den einskilde saka med spesifisert beløp.

Utbetalt støtte 2018 - kr. 223 000

Utbetalt støtte hittil i 2019 - kr. 358 686

I tillegg kjem årlege kulturmidlar til idrett, song og musikk, samfunnshus og allmenne lag.

Oversikta over statuttane viser formål, målgrupper og kriteriar.

Rådmannen vil stille i møtet for spørsmål.

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### Handsaming:

Ivar Valdvik viste til å ha fått innspel om bruk av midlar i forskjellige fond. Eit spesielt innspel gjekk på arrangementet Vågåkveld, med spørsmål om tilskot, underskotsgaranti og om arrangementet hadde gått i underskot. Innspela var også retta mot rutinar med ledsagerbevis og billettbetaling.

Tenesteleiar Stein Holen og rådmann Jan Egil Fossmo gjorde greie for tilhøva. Tilskot på kr. 40 000 var gjeve til forbereding av arrangementet, med ein totalkostnad på kr. 174 000.

Rekneskapet er ikkje ferdigstilt, men det er klårt at det ikkje er underskot. Det er derfor ikkje aktuelt med utbetaling av underskotsgaranti.

Utover dei faktiske tilhøva, gjorde administrasjonen greie for bakgrunn for forskjellige fond relatert til kultursektoren og arrangement, samt delegasjonsreglement på området.

Ivar Valdvik reiste forslag om full gjennomgang av dei aktuelle fonda, åtte år tilbake i tid, altså to perioder. Kontrollutvalet drøfta om dette var formålstenleg. Sekretær orienterte om dei økonomiske tilhøva med ein slik gjennomgang, samt kontrollutvalets mandat.

Kontrollutvalet ser det som viktig at tildeling er i tråd med vedtekne statuttar, og vil ha nærare orientering.

#### **Vedtak:**

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
- 2) Kontrollutvalet ber om ein meir systematisk gjennomgang frå administrasjonen av internkontrollsystemet ved tildeling av midlar etter næringsfondet, kulturbasert næringsutvikling, kulturtiltak i Vågå kommune innan kulturtjenester(eks kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken) og arrangementsfondet.
- 3) Materiellet blir lagt fram for det nye kontrollutvalet, som må ta standpunkt til vidare gjennomgang.

#### **VIDARE SAKSHANDSAMING**

På førespurnad har kommunedirektøren oversendt førespurd dokumentasjon.

- Vedtekter næringsfond Vågå kommune
- Diverse statuttar for utbetaling av arrangementstøtt og kulturmidlar
- Den kulturelle skulesekken – DKS
- Den kulturelle spaserstokken
- Støtte til arrangement 2018
- Arrangementstøtte 2019
- Søknad om arrangementstøtte 2020

#### **Vurdering:**

Den tilsendte dokumentasjonen syner kriteriane for tildeling og tildelte beløp til einskilde aktørar. Kommunedirektøren vil stille i møtet for spørsmål om arbeidet og materiellet elles.

Materiellet syner ikkje underbilag og internkontrollen i sakshandsaminga, som er etterspurt i pkt. 2 i vedtaket 16.10.19. Likevel kjem godt fram kriteriane for tildeling og tildelte beløp. Materiellet dokumenterer kven som har fått utbetalningar.

Ein vidare kontroll av dette vil vera revisors oppgåve, som sekretær etter kommunelova er avskoren frå å utføre. Det er da naudsynt å gå inn i kvar enkelt sak. Revisjonen må evt. utføre kontrollen etter sine standardar og revisjonsmetodikk, noko som vil gje kostnader. Kontrollutvalet må gjera ei kost/nytte-vurdering av dette, om ein vil fortsette prosessen.

Sekretær meiner at tilsendt dokumentasjon belyser tildelingsarbeidet med støtte til arrangement og liknande. Internkontroll med operativt arbeid er delegert kommunedirektør. Det er derfor ikkje ei naturleg rolle for kontrollutvalet å gå inn i kontroll av prosessen på detaljnivå.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning og avsluttar saka.

**Handsaming 12.3.20:**

Tenesteleiar Stein Holen stilte for spørsmål frå kontrollutvalet.

Ole Damstuen stilte spørsmål til internkontrollsystemet og rekneskapen. Tenestleiar gjorde greie for rutinane med krav til dokumentasjon og handsaming av søknadane. Det har ikkje vore klage på vedtak. Vågå kommune har heller ikkje kravd tilbake tilskot.

Utvalet drøfta kost/nytte-vurderingar ved å gå vidare med saka. Kirsti Vassdokken stilte spørsmål ved motivet for at dette har vorte sak. Utvalet konkluderte med at saka måtte handsamast profesjonelt når den først var tatt opp.

Ingen i utvalet hadde andre forslag til vedtak enn innstillinga.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning og avsluttar saka.

Samrøystes

## MØTEBOK

| ARKIV | SAKSBEHANDLAR | MØTEDATO      | ORGAN           | SAK NR. |
|-------|---------------|---------------|-----------------|---------|
|       |               | 12. mars 2020 | Kontrollutvalet | 07/2020 |

### ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

I arbeidsmøtet 5. februar 2020 drøfta kontrollutvalet forskjellige tema for vidare vurdering og orientering:

- Personvern ved auka digitalisering, som datasikring og GDPR
- Personvern i skulen ved auka bruk av IKT-hjelpemiddel
- Pasientsikkerheit helse/omsorg, t.d. ernæring og samstemming av medisinlister
- Varslingssystem og rutinar internt i organisasjonen og tiltak ved avvik
- Varslingssystem og rutinar ved varsling og klager frå publikum

Sekretær drøfta 3. mars framdrift av desse orienteringane med kommunedirektør, som stiller i møtet.

#### **Handsaming:**

Heile administrasjonen er opptekne med situasjonen omkring coronasmitten, slik at orienteringa blir utsett.

Kontrollutvalet gjekk gjennom tema for ynskjelege orienteringar. Utvalet fann ikkje grunn til å endre innhald i saka.

#### **Vedtak:**

Saka vert utsett.

Samrøystes.



**MØTEBOK**

| ARKIV | SAKSBEHANDLAR | MØTEDATO      | ORGAN           | SAK NR. |
|-------|---------------|---------------|-----------------|---------|
|       |               | 12. mars 2020 | Kontrollutvalet | 08/2020 |

**OPEN POST**

Kontrollutvalet drøfta møteplanen sett i lys av situasjonen som har oppstått. Førebels planlegg utvalet å sette neste møte 30. april.

**Kontrollutvalet hadde ingen merknader til innkalling og saksliste.**